

## «FOLKETS NEI 50 ÅR» — STYRETS EVALUERING

50-årsjubileet «Folkets NEI 50 år» blei gjennomført på Folkets Hus i Sandnes 17. september.

Styret i Rogaland Nei til EU har oppsummert arrangementet slik:

- Programmet var allsidig, og lærerikt.
- Ei grundig hovudtale ved Anders M. Andersen. Han gav ei oversikt over korleis NEI-kampen hadde utvikla seg frå den fyrste spede starten rundt 1960, korleis arbeidet og organisasjonane blei bygd opp, korleis det hadde vore mulig å vinna dei sigrane me faktisk vann, og om dei alvorlege utfordringane me står føre i dag.
- Mange kortare talar om korleis det hadde vore å driva kampen føre den fyrste folkerøystinga.
- Helsingar frå fleire av partia på NEI-sida.
- Kunstnariske innslag ved Espen Hana, Reidar Larsen og Torolv Nordbø.
- Allsong av fleire av visene som blei dikta føre den fyrste folkerøystinga.
- Gåver: Rogaland Bonde- og Småbrukarlag løyvde ei gåve på kr. 10 000; Åsmund Kalstveit, eigar av eit småkraftverk, løyvde kr 10 000; Partiet De Kristne i Rogaland (no Konservativt) gav det kjende Groven-maleriet frå 1972 og eit norsk flagg som gåve.
- Den praktiske gjennomføringa (stand med alsidig materiale, servering) gjekk stort sett greitt.
- Mange fram møtte, nærmast fullsett sal.
- Me fekk nye medlemmer.

Kva kunne vore gjort betre? Styret meiner:

- Me kunne informert betre på førehand, t.d. nytta rubrikk om møte i Aftenbladet og informert gjennom dei mange lokalavisene.
- Me kunne ha laga løpesedlar/plakatar som kunne spres på stands og i postkasser.

Styret i Rogaland Nei til EU